# 23. Styringsgruppemøte

Utviklingsprosjekt NAV region Nordhordland

Status og finansiering



31.08.22 // Aina Merete Steinsland og Ane Bysheim

| Referat Styringsgruppemøte Utviklingsprosjekt NAV region Nordhordland | Møtedato: | Referent: |
|---|---|---|
| | 31. august 2022 | Aina Merete Steinsland |
| **Til stades:** Anne Kverneland Bogsnes, Greta Lauritsen, Magne Ottar Espelid, Sissel Kvingedal, Ingvild Kirsti Hjelmtveit, Martin Kulild, Jane Britt Daae, Ane Bysheim og Aina M. Steinsland. | | |
| **Forfall:** Bjarte Hysing-Olsen, Svein Helge Hofslundsengen, Erik Askeland og Lena Ytreland | | |

| Sak nr.: | Tema | Konklusjon |
|---|---|---|
| **28/22** | Velkommen ved Ingvild Kirsti Hjelmtveit | Ingvild er ordstyrar og ønsker velkommen.<br>Ingvild gjev ordet til Aina som innleier dagens saksliste. |
| **29/22** | Status og plan framover - utviklingsprosjektet | Aina går gjennom status om kva som har skjedd sidan sist, samt plan framover. Sjå underlag for detaljar. |
| **30/22** | Finansiering av pilot framover mot 2024 | Aina orienterer kjapt gjennom det som styringsgruppa har fått ut til førebuing både i forkant av styringsgruppemøte 24.juni og til dagens styringsgruppemøte, 31.august. Styringsgruppa fekk i oppgåve 24.juni og sjekke opp i kva sin kommune kan bidra med for å sikre finansiering av pilot og bygge den regionale plattforma som er ynskjeleg.<br><br>Da ikkje alle representantane for kommunane kunne vera til stades på dagens styringsgruppemøte anbefalast det at både diskusjon og konklusjon utsetjast til neste møte 28.oktober. Og for å sikre at vi får landa vidare rammer og framdrift så må alle kommune representantane svare ut skriftleg til prosjektleiar innan 14. oktober fylgjande: **«Kva kan din kommune stilla opp med?»**<br><br>Kommentar: *Viktig at det er tydeleg til kva konkret det er som skal finansierast slik at den som representer kommunen i styringsgruppa kan ta dette med seg til den i kommunen som kan ta denne slutninga. Ikkje* |

| | | |
|---|---|---|
| | | *alle som representerer kommunane i styringsgruppa har økonomisk vedtaks mynde og må løfte spørsmålet tilbake til den/dei kommunane ein representerer.*<br><br>Vedtak under dette punktet<br>**Finansiering**<br>Diskusjon og konklusjon knytt til finansiering utsetjast til styringsgruppemøte fredag 28.oktober.<br><br>Alle styringsgruppemedlemmene må ha tenkt gjennom desse spørsmåla.:<br>1. Kva kan din kommune stilla opp med for å finansiere ein ungdomslos til slik at vi får utvida nedfallsfeltet til Jobbmot i heile regionen?*<br>2. Korleis utvide jobbmot og ungdomslos vidare i regionen<br>3. Korleis få oversikt over alle initiativ knytt til ungdom i alle kommunane i regionen?<br>• Korleis sikre at dette er koordinert i regionen og inn mot jobbmot?<br>• Finst det nokon overordna forum i regionen kor slik informasjon deles slik at ein kan lære av kvarandre?<br><br>**Går til representantane for kommunane i styringsgruppa. Dvs. at alle som representerer dei 8 kommunane i NAV region Nordhordland må gje ein* ***<u>skriftleg tilbakemelding på kva din/dine kommune/-r kan stille opp med av finansiering innan 14.oktober til prosjektleiar!</u>*** *For økonomisk underlag knytt til kva ein ungdomslos kostar, sjå slide 9 og 12 i underlaget som vart sendt ut i forkant av dagens styringsgruppemøte.*<br><br>For meir informasjon knytt til finansiering, sjå underlaget (slide 6-12) |
| **31/22** | Status og orientering pilot – kva har skjedd sidan sist, samt plan framover | Ane går gjennom status om kva som har skjedd sidan sist, samt plan framover. Sjå presentasjonen frå møtet for detaljar .<br>**Kommentar til gjennomgang:** |

| | | |
|---|---|---|
| | | Det vart stilt spørsmål om ein trenger fysiske brosjyrar?<br>**Svar**: Dette har komet fram som eit ynskje frå samarbeidspartar, inkl. NAV, om å ha noko fysisk som dei kan gje til ungdommen som er kortfatta og med kontaktinformasjon. Ofte så hugsar ikkje ungdommen tilbod og kontaktinformasjon i etterkant av ein samtale, for da er dei gjerne veldig stressa og får ikkje med seg informasjon. Så da har ein noko «fysisk» som ein kan ta fram når ein er klar for det. Det er og for å sikre at den «raude knappen» er tilgjengeleg for alle som treng det! Det har blitt veldig godt mottatt, og er ein del av ein større merkevarestrategi.<br><br>Når vi har konkrete tilbod så har vi og tilgang til kommunale plattforma kor ein kan synleggjere dette.<br><br>Kompleks struktur, men vi heier på dykk.<br>Flott at Jobbmot no får ein base utanfor NAV ned på Dampen.<br>Fylkeskommunen stiller opp med sine verktøykassar og kan og støtte opp med kompetanseheving og sertifisering i for eksempel karriererettleiing. |
| **32/22** | Eventuelt | |
| | Status på kontorplass for jobbmot | Etter dialog og med bistand frå Fylkeskommunen har ein fått avklart kontorplass for Ane og Ingvild på Dampen. Vi får leige det gratis av fylkeskommune ut året så får vi sjå korleis leigeforholdet blir til neste år. Jobbmot har i tillegg fri tilgang på alle fasilitetar som NAV tilbyr i regionen. |
| | Neste møte | Styringsgruppemøte 28.oktober kl. 1300-1430 NAV Alver |
| | Godkjenning av referat | Referat godkjent. |

# Saksliste

- Velkommen v/Ingvild
- Del 1 Utviklingsprosjektet
  - Kort status og orientering – kva har skjedd sidan sist
  - Finansiering (Merk! Ønske om at diskusjon og konklusjon blir utsett til neste møte)
- Del 2 Pilot
  - Status og orientering – kva har skjedd sidan sist
  - Plan framover
  - Avklaringar (om det er nokon)
- Eventuelt/oppfølging



# Prosjektmål

**Hovudmål**
Sikre at arbeidsmarknaden tek i bruk den unge arbeidskrafta vi har i regionen.

**Resultatmål/delmål**

- Samhandle med næringsliv og utdanningsinstitusjonar slik at ein matchar regionens behov.
- Utvikle treffsikre tiltak og metode for oppfølging av ungdom som er basert på individuelle behov og med høg grad av brukarmedverknad.
- Å bruke tilgjengelege ressursar til å jobbe koordinert, saumlaus og kunnskapsbasert med oppfølging av ungdom.

**Effektmål**
Få fleire sjølvberga unge i arbeid og utdanning.

**Målgruppe**:

Ungdom under 25 år som mottar oppfølging frå NAV og som har behov for oppfølging utover direkte formidling til kvalifisering, utdanning eller arbeid.

**Omfang:**

- Statlege og kommunale tenester
- Kompetanseutvikling av medarbeidarane
- Organisering av arbeidet i NAV kontora i regionen

# Status utviklingsprosjektet

- Driver ulike prosessar i ungdomsnettverket
  - Stø opp om overleverte gevinstar for lik oppfølginga av ungdom på tvers i regionen
- Støtter prosjektleiar pilot med oppgåver og aktivitetar
- Tilskotsmidlar
  - Sjekke ut om Erasmus +, småskalasamarbeid kan vera noko å søkje på
- Støtter og opp om andre utviklingsprosessar i NAV region Nordhordland



# Plan framover (til neste møte 28.oktober)

- Sjekke ut fortløpande om det er andre tilskotsmidlar vi kan søke på
- Støtte til prosjektleiar pilot på det ho treng knytt til jobbmot
- Jobbe vidare med ulike prosessar i ungdomsnettverket for å stø opp overleverte identifiserte gevinstar
- Halde presentasjonar
  - Framtidas folkehelse og arbeidsliv, Helsehuset i NH 9.september
- Bidra i oppstart av HR-nettverket, 13.september
- Gjennomføre Workshop og spørjeundersøkingar
- Nøste alt saman og starte på sluttrapporten for utviklingsprosjektet



# Finansiering av pilot framover mot 2024 – førebuing til styringsgruppemøte 31.august

Kva skal til for at pilot prosjektet ikkje strandar til tross for manglande tilskotsmidlar?

Kva skal til for å få den regionale plattforma som er ynskjeleg?



# Prosjektgruppa si anbefaling til vedtak

**Finansiering**
Diskusjon og konklusjon knytt til finansiering utsetjast til styringsgruppemøte fredag 28.oktober.

Alle styringsgruppemedlemmene må stille forberedt og ha tenkt gjennom desse spørsmåla.:

1. Kva kan din kommune stilla opp med?*
2. Korleis utvide jobbmot og ungdomslos vidare i regionen
3. Korleis få oversikt over alle initiativ knytt til ungdom i alle kommunane i regionen?
    - Korleis sikre at dette er koordinert i regionen og inn mot jobbmot?
    - Finst det nokon overordna forum i regionen kor slik informasjon deles slik at ein kan lære av kvarandre?

**Går til representantane for kommunane i styringsgruppa. Dvs. at alle som representerer dei 8 kommunane i NAV region Nordhordland må gje ein* ***skriftleg tilbakemelding på kva din/dine kommunar kan stille opp med av finansiering innan 14.oktober til prosjektleiar!***

jobbmot
Kompetansesenter ungdom og arbeid

# Oppsummering pr. 31.08.22

- Nye lokalar i Dampen.
- Infomateriell



*Jobbar med å utvikle ei visuell oversikt over portefølje, aktivitet og hyppig oppfølging*

**Portefølje:**

- 21 kandidatar pr. 23.08.22
- Alder er frå 15-24. Flest 16/17.
- Salto, flyktningteneste, NAV sosial, barnevern, OT og NAV.
- Dei aller fleste har manglande nettverk/utanlandsk bakgrunn (10 av 11 i sommarjobb)


jobbmot




jobbmot
Kompetansesenter
ungdom og arbeid
Jobbmot
Kompetansesenter
ungdom og arbeid
Tlf: 941 36 206
SMS: 594 49 619

# Sommarjobb 22



Dette satt vi gang for å raskt komme i kontakt med målgruppene (ungdom, arbeidsgivar og samarbeidspartar) og lære om behov.
Periode frå oppstart 1.5 (startdag ungdomslos) – til 1.7

- 11 kandidatar som ønska vår hjelp til å finne sommarjobb.
  10 fekk kortare eller lengre sommarjobb.
- 6 med sommarjobbtilskot frå NAV, 2 i UngJobb (kultur/salto Alver), 2 ordinære sommarjobbar. Ungdom som ikkje fekk hadde to intervju og takka nei til ei stilling.
- Individuelt møte for å evaluere – ungdomslos fyller ut skjema saman med/for ungdom i møtet
- Evaluering arbeidsgivar og samarbeidspartar. Viktig erfaring frå UngJobb – arbeidsleiing som arena for arbeidslivskompetanse og søkjartal (150)
- Justere og planlegge for neste år





## Kva var bra/ikkje bra?

Ungjobb Det som var bra at det var nærmt der hun bodde. Jobben var ikke vanskelig (lett). Det som var negativt var det meste; jobbet mye aleine, litt vanskelig å snakke med han gamle mannen. Ungjobb Salto: Flere folk, jobbet med ungdom. "Alt var mye". Kjekt med voksne som fulgte opp. Ingenting som var negativt.

Det som var bra var at eg ikkje kjedet meg, men jobben var ikke helt slik han hadde sett for seg. Det var ikke en plass han ønsket å være videre.

Bra: Lønn, arbeidsoppgaver som han hadde erfaring fra. Kollega var grei. Negativt; sjefen forventet for mye av han.

Det som var bra var at det ikkje var så slitsomt. Det som var negativt var at det var langt unna, du blei skitten. De inviterte han ikkje inn til lunsj. Det meste med jobben var negativt.

Det som var bra var at han lærte noe nytt, de hadde god kommunikasjon og samarbeid med de andre. Ingenting som ikke var bra.

Bra: Det var veldig lærerikt. Ingenting som var negativt.

Alt med sommerjobben var bra. Å stå tidlig opp var krevende og han hadde ikke så mye fritid. Han har migrene, men det er han vant til.

Det som var bra var opplæringen og arbeidsmiljøet. De han jobbet med var flink til å vise han ting. Det negative var når det ikke var noe å gjøre. På Manager var det flere kunder enn på Frekhaug

Det som var bra at det ikkje var stress, kunne slappe av mens han jobbet. Ingenting negativt.

Det som var bra var at hun lærte noe nytt, fått ny erfaring, nye bekjentskap og lønn. Lønn var avgjørende, da hun ikke mottar støtte fra NAV (som hun gjorde tidligere). Ingenting negativt.








## Var det viktig for familien?

Ikkje viktig, men de blei glad.

Ja, mamma støttet han slik at han kan tjene penger som han kan bruke på seg selv.

Nei.

Ja, måtte ha penger til ferien. De oppfordret han til å skaffe seg sommerjobb.

Ja, søsteren som bor i Oslo.

Ja, da kunne hun tjene egne penger og bli selvstendig.

Ja. De får han ut ut av huset:) Og at han kan tjene penger som han kan bruke på seg selv.

Ja, familien tjener ikke så godt.

Ja, det var viktig at han hadde noe å gjøre når foreldrene var på jobb.

Ja, hun betaler litt for å bo hjemme, så jobb er viktig for henne.



## Kva brukte du lønna di til?

Spart litt og litt på ferie.

Sertifikatet

Ferie

Ferie

Husleie, mat, bil og bensin ++

Spare opp til å ta bilsertifikatet.

Han skal spare pengene. Til å investere eller til billappen.

Sparer til billappen og russetiden.

Brukt en del penger til bensin til båten og nye deler til båten.

På bil, hun skal kjøpe bil.



# Milepæler for høst 2022




**NB! Etablering av portal er flytta fram til 2023 ettersom det er ein del av prosjektet som det eventuelt skal søkast eksterne midlar på, og da kan det ikkje være påbegynt før ein søkjer.*

# Mål og delmål for hausten 2022

## Hovudmål

- Jamn tilstrøyming av nye ungdommar
- Få til samarbeid med samarbeidspartnerar
- Kontakte 10 arbeidsgivarar per mnd.
- Hjelpe ungdommar med å nå sine mål
- At ungdommen og samfunnet veit om oss
- Til stade på ungdommens arenaer

## Delmål september-oktober

- Få etablert samarbeid med ressursgruppa innan 30.september
- Ha oppfølging av 10-15 ungdommar innan 30.september- Ingvild
- Innan oktober har vi oppfølging av 5 ungdommar der alle NAV kontor er med- Ane
- Avklare korleis jobbe saman med/nytte jobbverkstad ved NAV Alver
- Finne egna måte for tett og hyppig kommunikasjon med samarbeidspartane (NAV, SALTO, OT, barnevern etc)
- Tettare samarbeid/kjennskap til «full opplæring i bedrift» innan 30.oktober

## Delmål november- desember

- Til stades/ha stand på utdanningsmesse 22/23.nov.
- Få samarbeid med psykisk helse innan 30.november
- Ha 3 hospiteringar (frå 1 dag til 1 uke) innan 30.november. ( OT, barnevern, psykisk helse…)

# Sikkerheit i NAV

Lage sikkerheitsrutine for Jobbmot

- Dampen
- Ute besøk
- Kurs/klubber

# Eventuelt/oppfølging

- Lokalisering av Jobbmot v/Jane Britt
  - Stad: Dampen

- Neste styringsgruppemøte 28.oktober
  - Tema: Finansiering og status Jobbmot
  - Stad: NAV Alver



*Godkjenne referat*